



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Utval for motorferdsel	30.01.2023	23/002

Endring i Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland § 2 Framlegg til endring av forskrift til høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune vedtek å senda endring i Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland § 2, på høyring som det fremgår i saksutgreiinga.

30.01.2023 - Utval for motorferdsel

Drøfting:

Publisering av fiskereglar og kontakinformasjon til grunneigara på heimesida til kommunen.

Endringsframlegg fremja i møte:

Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland § 2. *Ferdsle på vatn og vassdrag*
Ferdsle med motorfartøy er berre tillate i samband med lovleg fiske og/eller storviltjakt, tilsyn av beitedyr, transport av personar og utstyr i samband med drift av turisthytter på følgjande vatn og vassdrag i Eidfjord kommune. Ved andre formål eller andre vatn enn nemnt under må det søkast om løyve. For ferdsel på vatn innanfor nasjonalparken er det forskrift 10 april 1981 nr. 4830 om Hardangervidda nasjonalpark som gjeld.*

** grunneigarar i det enkelte vatn fastsett fiskereglar. Motorisert ferdsel med båt kan skje med grunneigars løyve etter deira fiskereglar.*

Gjeld fylgjande vatn:

Halnefjorden, Sysenvatnet, Skaupsjøen, Drageidfjorden, Langavatnet, Eidfjordvatnet, Svartavatnet, Olavsbu vatna, Skiftesjøen og Vetle Skiftesjøen.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak, med endringsframlegg fremja i møte vart samrøystes vedteke.

UMO - 23/002 - Vedtak:

Eidfjord kommune vedtek å senda endring i Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland § 2, på høyring som det fremgår i saksutgreiinga, med fylgjande endring:

Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland § 2. **Ferdsle på vatn og vassdrag**

Ferdsle med motorfartøy er berre tillate i samband med lovleg fiske og/eller storviltjakt, tilsyn av beitedyr, transport av personar og utstyr i samband med drift av turisthytter på følgjande vatn og vassdrag i Eidfjord kommune. Ved andre formål eller andre vatn enn nemnt under må det søkast om løyve. For ferdsel på vatn innanfor nasjonalparken er det forskrift 10 april 1981 nr. 4830 om Hardangervidda nasjonalpark som gjeld.*

** grunneigarar i det enkelte vatn fastsett fiskereglar. Motorisert ferdsel med båt kan skje med grunneigars løyve etter deira fiskereglar.*

Gjeld fylgjande vatn:

Halnefjorden, Sysenvatnet, Skaupsjøen, Drageidfjorden, Langavatnet, Eidfjordvatnet, Svartavatnet, Olavsbu vatna, Skiftesjøen og Vetle Skiftesjøen.

Vedtaket skal sendast til: På høyring til alle partar

Endeleg avgjerd i: UMO

Saka gjeld:

Det har vore røysting om ynskje om å klargjera § 2 i Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland. Forskrifta vart vedteke i kommunestyret den 26.09.2011.

I 2022 har det vore misforståingar om kommunens lokale forskrift § 2 og Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark – Odda, Ullensvang og Eidfjord kommunar, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud § 4 pkt. 4.6.2 bokstav b. Misforståinga gjeld ordlyden på når ein kan bruke båt med motor når det gjeld fiskereglar.

Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland § 2 lyder slik:

§ 2. Ferdsle på vatn og vassdrag

Ferdsle med motorfartøy er berre tillate i samband med nyttetransport som til dømes **lovleg fiske** og/eller storviltjakt, tilsyn av beitedyr, drift av turisthytter samt transport av personar og utstyr, på følgjande vatn og vassdrag i Eidfjord kommune.

Vatn over 2 km²:

- Halnefjorden, Sysenvatnet, Tinnhølen, Skaupsjøen, Drageidfjorden, Langavatnet, Eidfjordvatnet og vassdraget Nordmannslågen-Lakjen.

Vatn under 2 km²:

- Svartavatnet, Olavsbu vatna, Bismarvatnet, Dimmedalsvatnet og Skiftesjøen.

Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark – Odda, Ullensvang, Eidfjord kommunar, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud § 4 pkt. 4.6.2 bokstav b lyder slik:

§ 4 Verneregler

4.6.2 Forbodet i pkt. 4.6.1 gjeld ikkje:

b. bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn større enn 2 km² i samband med villreinjakt, drift av turisthytter og **garnfiske** som har eit omfang på minimum 50 garndøgn.

På vatn innanfor nasjonalparken som er større en 2 km² er det lov å bruke båt med motor inntil 10 hk når ein har gyldig garnfiskekort på eit omfang på minimum 50 garndøgn. På vatn utanfor nasjonalparken er det lov med bruk av båt med motor inntil 10 hk til gjeldande fiskereglar sett av grunneigarlaga på vatn over 2 km². For å klargjera dette i lokal forskrift vil vatn lista opp som er innanfor nasjonalparken bli teke bort. Vatna utanfor nasjonalparken vil bli ståande. Verneforskrifta vil bli vist som gjeldande for motorferdsel på vatn innanfor nasjonalparken.

På vatn utanfor nasjonalparken er det i hovudsak grunneigarar som fastsett fiskereglar. Med lovleg fiske gjeld fiskereglane som er fastsatt av grunneigarar for dei enkelte vatna. Motorferdsellova § 10 om forholdet til grunneigarar seier og at grunneigar har rett til å forby eller begrense motorferdsel på sin eigedom.

Vurdering:

Ei endring av § 2 i Forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag vil gje klarare ordlyd for utøving og kontroll av motorferdsle på vatn og vassdrag. Endringa vil ikkje medføra endring i miljømessige konsekvensar i høve til dagens regelverk.

Framlegg til endring av § 2 i lokal forskrift om motorferdsel i utmark og på vassdrag:

§ 2. Ferdslø på vatn og vassdrag

Ferdslø med motorfartøy er berre tillate i samband med lovleg fiske og/eller storviltjakt, tilsyn av beitedyr, drift av turisthytter samt transport av personar og utstyr på følgjande vatn og vassdrag i Eidfjord kommune. For ferdslø på vatn innanfor nasjonalparken er det forskrift 10 april 1981 nr. 4830 om Hardangervidda nasjonalpark som gjeld.*

Med lovleg fiske er det grunneigarar i det enkelte vatn som fastsett fiskereglar. Motorisert ferdslø med båt kan skje med grunneigars løyve etter deira fiskereglar.*

Vatn over 2 km²:

- Halnefjorden, Sysenvatnet, Skaupsjøen, Drageidfjorden, Langavatnet og Eidfjordvatnet.*

Vatn under 2 km²:

- Svartavatnet, Olavsbu vatna og Skiftesjøen.*

Magnus Steigedal
rådmann

Aasland, Eirin
sakshandsamar

Rett utskrift:

